



HAREID ROTARYKLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK 12713

Månedsbrev for februar 2025.

Årgang 60



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Astrid Velle
Visepresident:	Karl Johan Bakken
Styremedlem:	-
Sekretær:	Bernhard Harkjerr
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Ove Midtflø
Ansv.red.:	Odd Arne Holstad
Referent:	Odd Arne Holstad

Eim god dag.

Kor godt det er med dagar eller timer
Eller minutt som er nesten lykkelege.
Der tid blir borte og elvar renn opne i oss.
Desse nesten lykklige som rører ved
Det djupaste, naknaste, ømmaste i oss.
Mest av alt er det nærbet.
Kanskje ikkje dei mange ord.
Kanskje ikkje meir enn eit handtrykk i
forbifarten.
Kanskje ikkje meir enn eit ope smil.
Kanskje berre det å vera saman.
Men det gjorde noko med oss.
Det røret i noko med oss.
Det løfta dagen, opna draumar.
Gjorde oss levande, varme.
Kor sterke vi blir av slike glimt.
Kor vakker verda blir.
Kor rike vi er som kan gje dette til kvarandre.

- Bente Bratlund -

Referat frå Rotarymøte 3. februar 2025.



Rotarymøtet denne mandagen var lagt til det nye Milleniumbygget på Hareid, der daglig leiar Kim Lillebø ynskte velkommen, og stod for omvisning og presentasjon. Bygget som tidligare var kjent som Utgår bygget i Hareid sentrum, var bygd i 1965 som møbelfabrikk. Sporstøl Arkitekter stod for design og detaljteikningar, medan HS Rise bygg hadde ansvaret for utførelsen av byggearbeidet. Det vart nytta lokale leverandørar og tenester til alt vesentlig ved bygget. Kim var full av lovord til samarbeidet

og gjennomføringa.

Gjennbruk av eldre bygg er i tida, men medfører ein del ekstra utfordringar og kostnader, men eigaraner godt nøgde med resultatet. Det var sjølv betongkonstruksjonen som vart nytta gjenbrukt, medan alt av fasader og interiør er nytt og moderne.

Vi som fekk verer med på omvisninga vart imponerte over det flotte bygget, som i stor grad er med å gjere Hareid sentrum funksjonelt og tiltalande.

Som avslutning fekk vi servert eit nydelig varmt måltid i kafeen.

Tusen takk for oss, vi kjem gjerne igjen.

Referat frå Rotarymøte 10. februar 2025.

Etter den trdisjonelle songen bad Idar Flø om ordet. Han lanserte ideen om at Rotary kunne ta initiativet til å anskaffe en scanner for å kunne avdekke augesjukdomar hjå born. Prisen på ein slik scanner er ca kr 60.000,-.

Augelege Anette Gausdal er tiltenkt å vere operatør av scanneren. Ideen vil bli behandla vidare i styret.



Deretter fekk Gjermund Langseth ordet. Har presenterte Bautas Group. Selskapet er m.a. tungt inne med produksjon av stålkonstruksjonar i industrihallane i Hjørungavåg som i si tid vart bygde av Odim.

Bautas Group er namnet på holdingselskapet. Gruppa består av totalt 18 selskap. Selskapet vart skipa i 2009 og fekk namnet Bautas i 2022. Firmaet er familieeigd, og har hovedkontor i Tomrefjorden. Det er i dag ca 600 tilsette i Gruppa. Brorparten av dei tilsette er frå Polen, Romania og Litauen. Administrasjonen består stort sett av norsk arbeidskraft. Selskapet budsjetterar med ei omsetning på ca 700 mill i 2025. Lønsemada i selskapet er også god. Det største selskapet i gruppa er Bautas Maritime. Dei har hatt oppdrag på 35 verft i Noreg. Alle dei lokale verfta i vår region er blandt desse. Tillegg består gruppa av verksemder som driv med elektro, metall, bygg og oppdrett.

I Hjørungavåg har dei spesialisert seg på konstuksjonar i rustfritt stål. Langseth skrytte av dei flotte hallane som han meinte var dei bygningsmessig beste på Nordvestlandet

Referat frå Rotarymøte 17. februar 2025.



Denne kvelden var det Willy Nesset som fortalte om yrkesaktiviteten sin.

Etter handellskule i 70-71 jobba Willy ett år i samvirkelaget i Ulsteinvik. Deretter blei han tilsett som selgar i Libra. I 80-åra jobba han i Nordvest Boat på Haramsøya.

I 1988 starta han eige firma. Dette firmaet bygde kun en båt, en pasasjerbåt med plass til 50 persona.

Det var Hans Petter Kaaresen som for alvor introduserte Willy for ståltransjen.

Han dreiv firmaet Dahl Jørgensen i Ålesund.

Som salsmedarbeidar i dette firmaet jobba Willy med salg av stålprodukt til verfta over det meste av landet.

I 1998 reiste Willy til Stettin i Polen. Den første store kunden han fekk der var Mjellem og Karlsen i Bergen.

Rundt årtusenskifte var Willy også engasjert i lokalpolitikken i Hareid..

I 2006 starta han firmaet VS Polen i Gdynia. Firmaet leverte stålkonstruksjonar til verft- og offshoreindustrien. Også til fiskeforedlingsindustrien hadde bedrifter leveranser.

Omsetninga til firmaet er forventa å bli ca 70 mill i år.

Willy er no i forhandlinga om å selje seg ut av VS Polen.

Mange kjenner Willy som den som berga ishavsskuta Polarstar. Renoveringa av skuta foregjekk i Stettin. Og i 2017 kom skuta nyrenovert tilbake til Hareid.

Willy blei i 2018 råka av hjerteinfarkt, og i 2021 fekk han påvist kreft. Men etter god behandling er Willy no erklært frisk.

Sjøl om Willy no har nådd pensjonsalderen, så har han ikkje heilt tenkt å pensjonere seg. Han har nylig etablert eit nytt firma med kontoradresse på Hareid.

Referat frå Rotarymøte 24. februar 2025.

Sidan dette var siste møre i februar, så var kvelden programfri.

Det blei likevel innleatingsvis ein diskusjon om korleis vi kunne rekrutere fleire medlemmer til klubben